

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 20/07
Arkivsaksnr: 07/1627
Arkivkode: 061

Sakshandsamar: Gunvor Flåm

Saksnummer	Utval	Møtedato
20/07	Sektorutval for oppvekst	30.10.2007

MELDINGAR TIL MØTE I SUO 30.10.07

Saka vert avgjort av:
SUO.

Vedlegg:

1. Hugnad UL 25.08.07: Takkar for tilskot til representasjonstur til Estland.
2. Assisterande rådmann Kenneth Nordahl-Pedersen
Referat byggekomitemøte 23.08.07.
3. Sundre barnehage, 06.09.07: Ref. frå SU-møte 05.09.07.
4. Torpo barnehage, 23.08.07: Ref. frå SU-møte 23.08.07.
5. Sando skule: Ref. frå SU-møte 18.06.07.
6. Skattebøl skule, 28.08.07: Ref. frå SU-møte 27.08.07.
7. Torpo skule, 25.09.07: Ref. frå SU-møte 17.09.07.

Rådmannen si innstilling:
Ingen merknad.

Oppvekstsektoren, 18.10.2007

Odd Lossius
sektorleiar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 21/07
Arkivsaksnr: 07/1149
Arkivkode: 242

Sakshandsamar: Odd Lossius

Saksnummer	Utval	Møtedato
21/07	Sektorutval for oppvekst	30.10.2007

TILSKOT TIL FØREBYGGJANDE EDRUSKAPSARBEID

Saka vert avgjort av:
SUO

Vedlegg:

Søknad frå Den Norske Kyrkja ved Ungdomsrådet i Ål prestegjeld, 10.07.07

Søknad frå Ål ungdomsskule, 23.04.07

Søknad frå Hugnad UL, 06.09.07

Dokument i saka:

Kommuneplan

Saksopplysningar:

Kommunestyret har vedteke at overskotet frå skjenkeavgiftene i kommunen skal gå til førebyggjande edruskapsarbeid. Målgruppa skal vere barn og ungdom.

Retningsliner for bruk av midlane vart vedtekne av Kulturutvalet i sak 05/02 og lyder:

Bruken av inntektene frå kommunale skjenkeavgifter skal brukast til edruskapsfremjande arbeid, først og fremst blant barn og unge i Ål. Ramma for kva som er førebyggjande, er ganske vid. Om tiltaka er direkte eller indirekte førebyggjande, kan dei vere like positive.

Punkta nedanfor er såleis ei god rettesnor:

- 1. Tiltaket må vere i ein total rusfri samanheng.*
- 2. Midlane bør ikkje gå til drift av lag , men kan gå til haldningsskapande prosjekt, aktivitetar og investeringar innanfor laga.*
- 3. Tiltak som skal få tilskot, bør vera innanfor Ål kommune, eller i regionen med Ål som deltakar i tiltaket.*
- 4. Søknader om tilskot på under kr 5.000 kan avgjerast av administrasjonen.*

Etter vedtak av kulturutvalet i sak xxxxx får Ungdomsrådet i Ål kvart år kr 50.000 av skjenkemidlane til disposisjon til tiltak dei sjølv vel å stø.

Resten av skjenkeavgiftene vert avsett til fond, og dette fondet er i dag på ca. kr. 120.000.

Forhold til overordna plan:

Retningsliner for edruskapspolitikk i Ål.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Førebyggjande.

Økonomiske konsekvensar:

Bruk av fondsmidlar.

Vurdering:

Administrasjonen meiner at begge søknadene ligg innanfor retningslinene for tildeling, og at fondet har disponible midlar.

Rådmannen si innstilling:

1. Ungdomsrådet i Ål prestegjeld vert i samsvar med søknad av 10.07.07 tildelt kr. 30.000 av disponible salgs- og skjenkeavgifter til vidareføring av ungdomsarbeidarstilling haust/vinter 07/08.
2. Ål ungdomsskule vert i samsvar med søknad av 23.04.07 tildelt kr. 10.000 av disponible salgs- og skjenkeavgifter til førebyggjande rusundervisning.
3. Hugnad UL vert i samsvar med søknad av 06.09.07 tildelt kr. 7.500 av disponible salgs- og skjenkeavgifter til edruskapsfremjande arrangement i Ål den 20.10.07.

Oppvekstsektoren, 25.09.2007

Odd Lossius
sektorleiar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 22/07

Arkivsaksnr: 07/1443

Arkivkode: A10 &60

Sakshandsamar: Grete Svarteberg Lundekvam

Saksnummer	Utval	Møtedato
22/07	Sektorutval for oppvekst	30.10.2007

SLUTTRAPPORT - BARNEHAGEOPPTAKET 2007/2008

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for oppvekst

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

SOU-sak 10/07 Opptak barnehageplass 2007/2008

Saksopplysningar:

Opptaket

Opptaket for barnehageåret 2007/2008 er i store trekk avslutta, sjølv om det vil bli ein del endringar og tildelingar vidare gjennom året. Tabellane nedanfor viser tala for opptaket pr 01.10.07:

Kommunale barnehagar:

	2007/2008	2006/2007	2005/2006	2004/2005
Ant. barn i barnehage	197	204	177	187
Ant. barn under 3 år	66	64	43	50
Ant. barn over 3 år	131	140	134	137

Private barnehagar:

	2007/2008	2006/2007	2005/2006	2004/2005
Ant. barn i barnehage	32	27	26	24
Ant. barn under 3 år	9	5	7	7
Ant. barn over 3 år	23	22	19	17

Tabellen viser at antal søknader er forholdsvis stabilt, men at det har vore ein auke i antal søknader for barn under tre år. Desse barna teller for to og er ein av årsakane til at kommunen har hatt behov for fleire barnehageplassar siste åra.

For barnehageåret 2007/2008 er det så godt som fullt i alle barnehagar. I tillegg er det i både Nordbygdene og Skattebøl barnehagar utvida kapasitet på begge gruppene for å kunne gje tilbod til

alle som ynskjer barnehageplass i kommunen. I Sundre barnehage er Prestegardslåven også i år teke i bruk, slik at det no er 5 avdelingar i Sundre. I praksis betyr dette at den ein av dei to nye planlagde avdelingane allereie no er teke i bruk. Sando barnehage hadde i utgangspunktet ein del ledig kapasitet, men har inngått eit samarbeid med Ål statlege mottak, slik at det no er ganske oppfylt også der.

Barnehagane tilbyr 2, 3, 4 eller 5 dagars plassar. Tabellen under viser korleis barna fordeler seg på dei ulike plassane:

Type plass	Antal barn	Over 3 år	Under 3 år
5 dagarsplass	67	50	17
4 dagarsplass	72	54	18
3 dagarsplass	75	42	33
2 dagarsplass	15	8	7
Totalt	229	154	75

Tabellen viser at få barn nyttar seg av 2 dagarsplassen. For barn over tre år, er det mest vanleg med 4 og 5 dagars plassar, medan det for barna under tre år, er ein overvekt av 3 dagarsplassar.

For barnehageåret 2007/2008 er dekningsgraden, i høve totalt antal barn i kommunen og barn som ynskjer barnehageplass, for kvart årskull slik:

Årstal	Antal barn i kommunen	Antal barn med barnehageplass	Dekningsgrad i prosent
2002	60	56	93
2003	55	49	89
2004	55	49	89
2005	62	50	81
2006	46	25	54
Totalt	278	229	82

Tabellen viser at nesten alle barn i Ål kommunen går i barnehage etter at dei har fylt tre år og at dekningsgraden i prosent vert mindre jo yngre barna er. Den totale dekningsgraden for Ål kommune er no 82 %.

Ledig kapasitet

Etter at nokre nye søkjarar er tildelt plass rundt oppstarten av det nye barnehageåret, er det i dei kommunale barnehagane så godt som ingen ledig kapasitet. Ein av dei private barnehagane har litt ledig kapasitet for barn over 2 år.

Venteliste

Då barnehageåret starta opp i august hadde alle som hadde søkt fått tilbod om barnehageplass.

I løpet av hausten har det kome til fleire nye søkjarar, samt søkjarar som har søkt om å utvide tildelte barnehageplassar. Pr d.d. står det åtte barn på venteliste. Fire av desse har fått tildelt barnehageplass, men står på venteliste for å få tildelt plass etter 1. prioriteten på søknaden. Fire står på venteliste for å få tildelt fleire dagar.

I tillegg er 12 barn oppført på venteliste som ynskjer plass frå 01.01.08 og seinare, der sju barn er nye søkjarar og fem barn er søkjarar som er tildelt barnehageplass, men som ynskjer å utvide barnehageplassen.

Forhold til overordna plan:

Lov om barnehagar § 8: "Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder".

Plan for oppvekstsektoren: "Ål skal ha eit barnehagetilbod til alle som ynskjer det".

Vurdering:

Tidlegare var det få søkjarar som søkte utanom hovudopptaket. I løpet av dei siste åra, har det vorte meir vanleg å søkje utanom hovudopptaket og mange søkjer om plass frå 1. januar. Allereie no står det sju barn på venteliste for å få plass frå 1. januar, og med så liten ledig kapasitet som det er no, vert det truleg vanskeleg å tilby alle desse barna barnehageplass.

Regjeringa sitt mål for barnehageutbygginga er full barnehagedekning i løpet av 2007. Det vil seie at alle som har søkt barnehageplass innan fristen for hovudopptaket våren 2007, skal få plass i løpet av året. Etter denne definisjonen har Ål kommune no full barnehagedekning fordi alle som søkte innan fristen 1. mars, har fått plass. Det har vorte diskutert om også dette skal målast i januar, og med den ventelista som er no og med såpass liten ledig kapasitet, ville truleg ikkje Ål kommune ha full barnehagedekning pr 01.01.08. I tillegg viser dekningsgraden at det framleis er fleire potensielle søkjarar til barnehageplass i kommunen. Dette saman med ventelista viser at den planlagte utbygginga i Sundre barnehage med to avdelingar er nødvendig og viktig å få sett i gang.

Barnehagane har i år merka den stramme arbeidsmarknaden og fleire av barnehagane har vore gjennom tilsettingsprosessar samtidig med oppstarten av det nye barnehageåret. Pr. d.d. er det folk i alle stillingar. Det er førskulelærarar i alle pedagogiske leiarstillingar, så nær som i ei stilling. Her er det konstituert ein barne- og ungdomsarbeider. Det er i år ingen mannlege tilsette i barnehagane og på tross av dette er eit statleg satsingsområde, samt at menn vert oppfordra til å søkje når stillingar er ledig, er Ål langt unna målet om 20 % menn i barnehagane innan utgangen av 2007.

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for oppvekst tek sluttrapport for barnehageopptaket 2007/2008 til orientering.

Oppvekstsektoren, 15.10.2007

Odd Lossius
Sektorleiar

Grete Svarteberg Lundekvam

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 23/07

Arkivsaksnr: 07/1139

Arkivkode: 614 A10

Sakshandsamar: Odd Lossius

Saksnummer	Utval	Møtedato
19/07	Sektorutval for oppvekst	09.08.2007
90/07	Formannskapet	13.08.2007
/	Kommunestyret	
23/07	Sektorutval for oppvekst	30.10.2007
154/07	Formannskapet	31.10.2007
/	Kommunestyret	

NY UTGREIING AV UTBYGGINGA I SUNDRE BARNEHAGE

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Fylgjande dokument er sendt ut til medlemmane i Sektorutval for oppvekst (SUO) og Formannskapet:

- Teikningar med kostnadsoverslag frå arkitekt Roar Jørgensen
- Ideskisse frå Moelven og kostnadsoverslag på grunnarbeid frå Asplan Viak

Dokument i saka:

- Sak 36/06 Behov for fleire barnehageplassar frå august 2007
- Sak 19/07 i Sektorutval for oppvekst og sak 90/07 i Formannskapet – Utbygging av Sundre barnehage
- Rundskriv F-04/07 – Investeringstilskudd til nye barnehageplasser

Saksopplysningar:

Administrasjonen har fått i oppdrag frå Formannskapet og greie ut to alternativ til utbygging i Sundre barnehage. Det er vedteke at Sundre barnehage skal utvidast med to avdelingar, men det er ikkje bestemt på kva måte denne utbygginga skal løysast på. Sektorutval for oppvekst (SUO) og Formannskapet handsama saka i august, men Formannskapet sendt saka attende til administrasjonen for ytterlegare utgreiing, slik at Kommunestyret skulle kunne fatte vedtak på eit breiast mogleg grunnlag.

Bakgrunn for saka er at etter fleire år med for få barnehageplassar i Ål kommune til å oppfylle kravet i lov om barnehagar om full barnehagedekning, gjorde Kommunestyret i sak 36/06 vedtak om utbygging:

1. *Ål kommunestyre vedtek å byggje to nye avdelingar i tilknytting til noverande Sundre barnehage.*
2. *Det skal vurderast utbygging anten i eitt nybygg eller påbygg av dei to husa som utgjer barnehagen i dag.*
3. *Endeleg kostnadsrekna prosjekt skal godkjennast av kommunestyret.*
4. *Finansiering skal skje gjennom utbyggingsfondet og statlege investerings- og skjønnsmidlar.*
5. *Den nye barnehagen bør ferdigstillast til barnehageåret 2007/2008.*

Det vart nedsett ein byggekomite og denne har bestått av Kjell Kløve (leiar), Tone Lyngvi, Kenneth Nordahl-Pedersen og Grete Svarteberg Lundekvam. For å avgrense kostnadane til prosjektering, bad byggekomiteen om ei avgjerd i SUO i høve utbygging av eitt nytt hus eller utbygging av dei to husa som eksisterer i dag. Styrrar Tone Lyngvi i Sundre barnehage orienterte SUO i møte 21.01.07, og fylgjande vedtak vart protokollført i sak 21/06:

SUO bed administrasjonen arbeida vidare med alternativet om at auken av barnehagekapasiteten i kommunen vert løyst ved påbygg av dei to husa som alt er der. Alternativet med å byggje eit 3. bygg vert difor ikkje med i dei vidare utgreiingane om saka.

Det var arkitekt Roar Jørgensen AS som fekk arbeidet med å prosjektere utbygginga og det vart i sak 19/07 lagt fram teikningar og kostnadsoverslag på utbygging av to nye avdelingar, lagt til dei to eksisterande husa (Låven og Hallingstugu). I tillegg til dei to nye avdelingane, var det i dette forslaget også teke med ny personal- og administrasjonsdel for seks avdelingar og det var lagt til rette for møterom, rom for spesialpedagogisk hjelp og lagerrom for barn med nedsett funksjonsevne. Dette har tidlegare vore stor mangelvare i Sundre barnehage og var ein av grunnane til at utviding av Sundre barnehage vart valt når to nye avdelingar skulle byggjast. Utbygginga av dei to nye avdelingane, lagt til eksisterande hus, vart av Roar Jørgensen As kostnadsrekna til 22,2 mill. kroner.

Etter vedtaket i Kommunestyret i sak 36/06 skulle utbygginga finansierast av utbyggingsfondet og statlege investerings- og skjønnsmidlar. Etter Rundskriv F-04/07 – Investeringstilskot til nye barnehageplassar, oppfyller kommunen kravet til å søkje om investeringstilskot og kunne i utgangspunktet søkje om ca 1 mill. kroner. Men fordi meirverdiavgifta på prosjektet vil kome til å bli høgare enn investeringstilskotet, er regelverket slik at det ikkje vil bli utbetalt investeringstilskot likevel. Skjønnsmidlar kan ikkje nyttast til investering, men kan nyttast til nedbetaling av lån og avdrag dersom kommunen tek opp lån for å finansiere utbygginga.

I økonomiplanen for 2007 og 2008 var det sett av til saman 8 mill. kroner til utbygginga. Summen var basert på utbygginga i Skattebøl barnehage i 2005. Fordi utbygginga vart nesten to gonger så dyr som forventa, og det mangla 14,2 mill kroner, vart det i den same saka lagt fram fire alternative løysingar. Formannskapet gjorde i sak 90/07 vedtak om å sende saka attende til administrasjonen for å greie ut to alternativ, slik at kommunestyret kunne få eit fullstendig grunnlag når saka skulle endeleg avgjerast.

Dei to alternativa som administrasjonen skulle greie ut, var:

1. Utbygging på dei to eksisterande husa, jmf teikningar og kostnadsoverslag frå Roar Jørgensen As, men dele utbygginga i to byggesteg (alt. 2 i saksutgreiinga i sak 90/07)
2. Utbygging som eit tredje hus, jmf skisse av modulbygg (alt. 3 i saksutgreiinga i sak 90/07).

Forhold til overordna plan:

- Lov om barnehagar, av 17. juni 2005, § 8: ”Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder”.
- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv., av 17. juni 2005.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente ut over betra arbeids- og barnehagemiljø ved utbygginga.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå vurdering

Vurdering:

Utbygging på dei to eksisterande husa, men dele utbygginga i to byggsteg

Denne utbygginga tek utgangspunkt i teikningar og kostnadsoverslag frå Roar Jørgensen As. I utgangspunktet er det i dette forslaget lagt til rette for tre avdelingar på kvart hus (Hallingstugu og Låven), slik at begge hus kan ta imot barn i alderen 0-6 år. Det vert bygd ny administrasjons- og personaldel for begge hus, og denne vert flytta over og lagt til Hallingstugu.

Det manglar 14,25 mill. kroner for å realisere dette prosjekt, og det vart difor lagt fram eit forslag om å dele utbygginga i to byggsteg. Dersom dette alternativet vert valt, er det Hallingstugu som vert bygd ut i fyrste byggetrinn, sidan administrasjonsdelen (kontor til styrar og avdelingsleiarane) og personaldelen (dame- og herregarderobe med toalett og personalrom) er lagt til dette bygget. Barnehagen oppfyller i dag ikkje krav til personalgarderobar og dette er noko som det må gjerast noko med. På Låven vil det noverande kontoret til styrar og personalrommet kunne brukast som møterom/grupperom og arbeidsrom, evt. lagerplass. Dette er endringar som vil betre arbeidstilhøva også på dette huset, utan at det treng å koste noko anna enn inventar. Pga fleire tilsette og barn, vil det vere nødvendig å gjere det som er planlagt av opparbeiding av parkeringsplassar og utviding av uteområde, samt bygge vognskur. Total kostnad for dette utbyggingstrinnet vil vere omlag 14 mill. kroner. Sidan det allereie ligg inne 8 mill. kroner i økonomiplanen, vil behovet for tilleggsføring kunne reduserast til om lag 6 mill. kroner for å realisere fyrste byggetrinn. Neste byggetrinn, utbygging av Låven, vil med dagens berekningar koste 8,2 mill. kroner.

Modulbygg, utbygging lagt til eit tredje hus

Det er fleire leverandørar som leverer barnehagebygg i modular. Sidan det ikkje er mogleg å tilpasse eit slikt bygg inntil dei to husa som er i Sundre barnehage i dag, vil dette bli eit tredje bygg. Ein toavdelings barnehage, med administrasjonsdel, er frå ein leverandør oppgitt å koste om lag 6,5 mill. kroner for sjølve bygget, inkl. VVS, elektro, innreiing som kjøkken, garderobar m.v., men ekskl. fundamentering/grunnarbeid, tilkomst, parkering og opparbeiding av uteareal. Asplan Viak har fått i oppdrag å sjå på om det i det heile let seg gjere å plassere eit bygg på tomta vest for barnehagen og kor mykje grunnarbeidet vil koste. Vedlagte skisse frå Asplan Viak viser at arealet er stort nok og at bygget let seg plassere på området vest for eksisterande hus. Kommunen eig aktuell tomt, men bygget vil, etter forslaget frå Asplan Viak, bli plassert heilt inntil bolighusa som ligg på ovasida av Prestegardsjordet. Dette vil kreve at ein sender ut nabovarsel og at det ikkje kjem klager som gjer at det vert vanskeleg å ta dette området i bruk som barnehage. Kostnadsberekninga viser at grunnmur og opparbeiding av veg og parkeringsplassar vil koste 4,7 mill. kroner. Til saman vil oppføring av eit modulbygg kome på 11,2 mill. kroner.

Dersom denne løysinga vert valt, må noverande bygg i Sundre barnehage rustast opp / påbyggast ein personalfly i tillegg. Rådmannen har tidlegare oppmoda om at det samtidig vert sett av midlar til å

gjere det som er nødvendig for å ruste opp dei to eksisterande husa slik at dei m.a. oppfyller kravet til personalgarderobar. I vedlagte forslag er det teikna inn ein administrasjons- og personaldel som er tilpassa to avdelingar. Denne vil vere for liten for seks avdelingar. Administrasjonen meiner imidlertid at ein seksavdelings barnehage bør ha ein samla personal- og administrasjonsdel for alle avdelingane. Dette kan løysast ved eit påbygg ved eit av dei eksisterande husa, jmf. alternativet frå Roar Jørgensen As, og vil inkludere den nødvendige opprustinga. Kostnadsnivå vil avhenge av val av løysing, men det bør leggjast til grunn ein total kostnadsramme på til saman 15 mill. kroner, inkludert modulbygget.

Konsekvensar

I tillegg til å greie ut om det let seg gjere å plassere eit tredje bygg vest for barnehagen og kva grunnarbeidet ville koste, fekk administrasjonen i oppdrag å greie ut kva konsekvensar det eine eller det andre alternativet vil gje.

Midlertidig barnehageavdeling

Ved å dele utbygginga i to byggetrinn, vil det bli behov for å vidareføre bruken av Prestegardslåven, evt andre lokale, som midlertidig barnehageavdeling i ein periode til neste byggetrinn er ferdigstilt. Prestegardslåven er eit lokale som ikkje fungerer optimalt som barnehage, men for ein avgrensa periode vil ein kunne finne løysingar slik at lokalet kan nyttast.

Byggetid

Modulbygget vil truleg gje den raskaste byggjetida. Ein leverandør har sagt at om grunnarbeidet er klar, kan modulbygget leverast til våren/sommaren. Med dette tidsperspektivet kan dei to ny avdelingane allereie stå klar til å takast i bruk neste barnehageår. Dette vil frigjere Prestegardslåven på eit tidlegare tidspunkt og denne kan då nyttast til det som er tenkt – museum.

I samband med bygginga vil modulbygg-løysinga også vere det alternativet som vil gje minst ulemper for den daglege drifta, sidan det ikkje i same grad vil bli bygging i barnehagelokale som samtidig er i drift. Med denne løysinga vil ein sleppe å finne alternative opphaldsstader i byggeperioden.

Økonomi

Modulbygg vil kunne gjennomførast innanfor ein ramme på 11,2 mill. kroner. Inkludert ny personal- og administrasjonsdel vil kostnadane bli 15 mill. kroner. Kommunen vil med dette kunne frigjere 7,2 mill. kroner til andre formål.

Drift av barnehagen

Ved å bygge på eksisterande hus, meiner administrasjonen at ein vil spare pengar på drift i høve eit tredje bygg. Det vil vere billigare og arbeidsbesparande å vedlikehalde to mot tre hus, det vi vere økonomisk gunstig å berre skulle kjøpe inn utstyr (ventilasjonsanlegg, brannanlegg, kjøkkeninnreiing, vaskemaskinar, tørketromlar, telefonar, datautstyr m.m.) til to hus mot til tre hus dersom modulbygget vert valt. I tillegg vil det vere mindre arbeid og mindre kostnadskrevjande i høve brøyting, strøying og vaktmeistertjenester.

Den fysiske utforminga med tre avdelingar pr. hus vil gjere det enklare å få meir ut av personalressursen enn tilfellet er i dag fordi den kan brukast meir fleksibelt. Av erfaring veit ein at barnetalet kan svinge litt frå år til år og med dette alternativet vil det vere enklare å tilpasse drifta etter svingingane utan at det vil bli fordyrande i høve drift.

Areal

Vedlagte forslag på modulbygget er arealmessig på eit minimumsnivå. Det vil då ikkje vere mogleg å ha utvida barnehagegrupper, noko som vert gjort på andre barnehagar slik at plassane kan utnyttast på ein betre måte. Sidan ingen barnekull er like store, vil det enkelte år vere ein stor fordel å kunne utvide kapasiteten for å unngå venteliste. Ved å velje forslaget der det blir utbygd på eit eksisterande hus, er det teke høgde for dette.

Pedagogikk

Administrasjonen meiner alternativet med å bygge på eksisterande hus er det beste alternativet i høve det pedagogiske arbeidet. Med denne utbygginga vil Sundre barnehage bli ein moderne barnehage der det er teke omsyn til arbeidsmetodar og organisering etter den nye barnehagelova og den nye rammeplanen, samt personalet sitt arbeidsmiljø. Det er lagt opp til fleksibilitet ved at arealet kan gjerast om til fellesareal, slik at det også kan brukast for større grupper av barn, samt til personalmøte og foreldremøte. Dette vil ikkje vere mogleg dersom modulbygget vert valt.

Ein skal også ha eit barneperspektiv når ein planlegg ein ny barnehage. Ved å få tre basar på kvart hus, vil barnehagen legg opp drifta slik at ikkje barna trengje å bytte hus etter kvart som dei vert større. Sysken vil få plass på same hus og det vert enklare for foreldra i høve hente- /bringesituasjon. Med tre barnegrupper på kvart hus kan ein lage basar der utstyr og aktivitetar er tilpassa dei minste, dei eldste og aldersspekteret i midten. Barna vil likevel møtast i fellesromma delar av dagen. Dei yngste kan sjå på dei større og få lyst til å strekkje seg. Dei eldste kan få vise omsorg for dei små. Det blir lettare for alle å finne leikekameratar på sitt nivå.

Personalet

I vedlagte skisse over modulbygget, er det to avdelingar og ein administrasjons- og personaldel. Administrasjons- og personaldelen er ikkje stor nok for seksavdelings barnehage. Konsekvensen vil med dette alternativet bli at Sundre barnehage vert ein seksavdelings barnehage med administrasjons- og personaldel fordelt på to eller tre hus. Administrasjonen meiner dette er ugunstig med tanke på at barnehagen skal drivast som ein seksavdelings barnehage med ei leiing. Sundre barnehagen har lang erfaring med å drive i to ulike hus. Det er nødvendig med samarbeid mellom husa for at barn og personale skal bli trygge på kvarandre, utvikle fellesskap og oppnå eit godt læringsmiljø. Det er arbeids- og tidkrevjande og vil krevje endå meir dersom det vert tre hus.

Uteområdet

Sundre barnehage ligg i sentrum og har ikkje lett tilgang til store naturområde. Barnehagen har i mange år kompensert for dette ved å nytte nærmiljøområdet der modulbygget no vert plassert. Området har bl.a vorte nytta til hyttebygging, leirplass og potetåker. Eit modulbygg her vil forringe dette vesle, men verdifulle tilleggsområdet.

Konklusjon

Kommunestyret må ta stilling til kva løysing som skal velgjast når to nye avdelingar skal byggjast i Sundre barnehage:

- Utbygging på eksisterande hus, men i to byggjesteg. Fyrste byggjesteg er kostnadsrekna til 14 mill. kroner. Administrasjonen føreset at andre byggjesteg vil bli lagt inn i vidare utbyggingsplanar i kommunen og er pr. d.d. kostnadsrekna til 8, 2 mill. kroner.
- Utbygging av modulbygg, lagt til eit tredje hus. Administrasjonen meiner, med bakgrunn i ovanståane, at det i tillegg er nødvendig å bygge på felles administrasjons- og personaldel for

alle seks avdelingane. Kostnadsnivået vil vere avhengig av val av løysing, men det bør leggjast til grunn ein total kostnadsramme på tilsaman 15 mill. kroner.

Vassboren varme er ikkje kostnadsrekna sidan det er avhengig av val av løysing. Dette vil kunne leggjast fram som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

Inventar er ikkje teke med i berekningane og er rekna til 350 000 kroner.

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret vedtek utbygging med 2 nye avdelingar ved Sundre barnehage bygd som modulbygg innafor ei kostnadsramme på 11,5 mill kroner, og med den målsetting at barnehagen kan stå ferdig til barnehageopptaket hausten 2008.

Kommunestyret ber formannskapet legge inn i økonomiplanen 2008 / 2009 midlar til korrigeringar som krevs i noverande bygg ved Sundre barnehage innafor ei ramme på 2 mill kr.

Oppvekstsektoren, 18.10.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Odd Lossius
Sektorleiar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 24/07
Arkivsaksnr: 07/1491
Arkivkode: 145

Sakshandsamar: Odd Lossius

Saksnummer	Utval	Møtedato
24/07	Sektorutval for oppvekst	30.10.2007

ØKONOMIPLAN OG BUDSJETT 2008 - 2011

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for oppvekst (SUO).

(NB! Dette er ei intern drøftings sak om plan og budsjett for SUO og går ikkje vidare som eiga sak til kommunestyret. Det er formannskapet som skal utarbeide og leggje fram kommunen sin budsjett og økonomiplan 2008-2011 for kommunestyret).

Vedlegg:

Sektorleiar sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2008-2011

Sektorleiar sin verksemdsplan 2008-2011.

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2008-2011 .

Dokument i saka:

Rådmannen sitt årlege budsjetttrundskriv.

Verksemds- og økonomiplanar for kvar resultateining

Saksopplysningar:

Årets budsjett- og økonomiplanhandsaming er frå rådmannen lagt opp slik:

1. Sektorleiarane leverer sine framlegg til rådmannen etter ein intern prosess i sektoren.
2. Rådmannen utarbeider sitt framlegg som går til formannskapet som skal utarbeide eit endeleg framlegg for kommunestyret.
3. Rådmannen sitt framlegg går også til sektorutvala som kan formidle eventuelle merknader til formannskap/kommunestyre gjennom ei felles uttale frå sektorutvalet eller individuelt gjennom sin partirepresentasjon i formannskap/kommunestyre.

SUO si oppgåve i denne saka vert altså å kome med eventuelle kommentarar og merknader til sektorleiar sin plan og til rådmannen sitt framlegg til økonomiplan og budsjett 2008-2011.

Merknader og kommentarar vil følgje som vedlegg til formannskapet si sak til kommunestyret i desember.

Forhold til overordna plan:

Kommuneplan 2006-2018
Plan for oppvekstsektor 2007-2011.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Jf. framlegg.

Vurdering:

Rådmannen si innstilling:

Jf. rådmannen sitt saksframlegg til formannskapet.

Oppvekstsektoren, 25.09.2007

Odd Lossius
sektorleiar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 25/07
Arkivsaksnr: 07/1489
Arkivkode: 035

Sakshandsamar: Odd Lossius

Saksnummer	Utval	Møtedato
25/07	Sektorutval for oppvekst	30.10.2007

VAL AV REPRESENTANTAR TIL SAMARBEIDSUTVALA VED SKULAR OG BARNEHAGAR

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for oppvekst (SUO).

Vedlegg:

Ingen.

Dokument i saka:

Opplæringslova §11-1

Lov om barnehagar §4, evt. §5 , jfr. forskrift og merknad til forskrift

Saksopplysningar:

Skular og barnehagar er etter kvar sin lov pålagt å ha eit samarbeidsutval, SU, samansett av representantar frå føresette, personale og kommunen (eigar).

SUO er i kommunen sitt delegasjonsreglement gitt oppgåva med å utnemne sine (kommunen sine) representantar til SU ved skulane og barnehagane.

Det skal oppnemnast kommunale SU-medlemmar til følgjande skular og barnehagar:

Leveld skule	Nordbygdene barnehage
Nedre-Ål skule	Skattebøl barnehage
Sando skule	Sundre barnehage
Skattebøl skule	Torpo barnehage
Torpo skule	Vats friskule
Ål ungdomsskule	

Lov om barnehagar §5 og Opplæringslova § 11-1 opnar for felles SU mellom ein barnehage og ein skule.

I tillegg bør det oppnemnast eit medlem til SU ved musikkskulen. Dette utvalet er ikkje lovheimla, men vart etablert etter modell av SU i grunnskulen i sak 54/95.

Økonomiske konsekvensar:

Møtegodtgjersler etter vedtekne satsar.

Rådmannen si innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Oppvekstsektoren, 25.09.2007

Odd Lossius
sektorleiar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 26/07
Arkivsaksnr: 07/1490
Arkivkode: 036

Sakshandsamar: Odd Lossius

Saksnummer	Utval	Møtedato
26/07	Sektorutval for oppvekst	30.10.2007

OPPNEMNING AV STIPEND- OG LEGATNEMND FOR SUO 2008-2011

Saka vert avgjort av:
Sektorutval for oppvekst (SUO).

Vedlegg:
Reglar for dei stipenda som saka omfattar.

Dokument i saka:
Retningsliner og vedtekter for stipend og fond.

Saksopplysningar:

I U-sak 54/95 vart det vedteke å ha eitt underutval til hovudutvalet, ei stipend- og legatnemnd. Nemnda skal årleg dele ut Utdanningsstipendet til tilsette i sektoren i samsvar med vedtekne reglar for dette stipendet og innafor vedteken budsjetttramme. Vidare skal nemnda dele ut evt. renteavkasting frå "Skulelegatfondet" og Ragnhild Hagens legat, og disponere Gudny Ulshagen sitt minnefond etter behov og vedtekter.

Det siste stipendet sektoren har styring med, er utdanningsstipendet ADA-scholarship som årleg disponerer \$10 000 til eit universitetsstudium i USA. Skulesjefen har innstillingsrett til hovudutvalet for dette stipendet, men plar drøfte innstillinga med nemnda på førehand.

Stipendnemnda handsamer årleg tildelingssaker i januar eller februar møtet.

Nemnda har så langt vore samansett av 2 representantar frå hovudutvalet og hovudtillitsvald for lærarane, med skulesjefen som sekretær.

Når det gjeld organisasjonsmedlemmet i nemnda, har det hittil vore ein representant for lærarane. Dette med bakgrun i at utdanningsstipendet opprinneleg berre var for lærarar innafor ein rein skuleetat. Stipendet er no ope for alle tilsette i sektoren å søkje på, og hovudutvalet kan difor, om ein vil, velje ein representant frå ein annan arbeidstakarorganisasjon .

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for oppvekst (SUO) oppnemner følgjande medlemmar til stipend- og legatnemnda for valperioden 2008-2011:

1.
2.
3.

Oppvekstsektoren, 25.09.2007

Odd Lossius
sektorleiar